



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn



Årsmelding 2015

gjennom livet



Årsmelding 2015

Soknet har tre kyrkjer.

- Hordabø kyrkje bygd i 1875
- Manger kyrkje bygd i 1891
- Sæbø kyrkje bygd i 1884

Radøy sokn leiger også Emigrantkyrkja på Sletta til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter eig Emigrantkyrkja.

Kyrkjeval 2015

I meldingsåret har det vore val til sokneråd og bispedømeråd. Til soknerådsvalet stilte det 18 kandidatar. Det vart valgt 8 faste og 5 varafolk til rådet. Soknerådet har no 4 kvinner og 4 menn som faste representantar. I tillegg er soknepresten biskopen sin representant i rådet. Det er også ein kommunal representant som er valt av Radøy kommune.

Valdeltakinga er aukande med 21 % til soknerådet, og vi ligg ein del over landsgjennomsnittet. Bispedømerådsvalet fekk 17 % oppslutning på Radøy.

Soknerådet, fram til 31.oktober 2015

| | |
|---------------------------|--|
| Leiar | Simon Walther Grandahl |
| Nestleiar | Gudrun Rikstad |
| Biskopen sin representant | Kjell Johan Sekkingstad |
| Medlemmer | Ludvig Grindheim Elin Irene Klausen Marta Grønstad Hvidsten Kent Remy Nesbø Britt Sissel Kvamme Silje Kristin Ellingsen |
| 1.vara | Oddvar Egil Stang |
| 2.vara | Per Bjørkhaug |
| 3.vara | Oddbjørg Dragøy |
| 4.vara | Kristen Kvalheim |

| | |
|------------------------------------|-------------------|
| 5.vara | Gunnar Kartveit |
| Representant for Radøy kommune | Jostein Dale |
| Vararepresentant for Radøy kommune | Ann Christin Hoen |

Radøy kommune sin representant i soknerådet har stemmerett i dei sakene som går fram av § 14 i kyrkjelova. I hovudsak gjeld det anlegg og drift av kyrkjer og gravplassar, samt personalsaker for alle kyrkjetilsette. Prestane har Bjørgvin bispedømeråd som arbeidsgjevar.

Møteverksemd i soknerådet

| | 2014 | 2015 |
|-----------|------|------|
| Tal møte | 8 | 9 |
| Tal saker | 34 | 34 |

Soknerådet, frå 1.november 2015



| | |
|---------------------------|--|
| Leiar | Gunnar Kartveit |
| Nestleiar | Grethe Lunde |
| Biskopen sin representant | Kjell Johan Sekkingstad |
| Medlemmer | Sølvi Helen Kvalheim Mjøs Silje Kristin Ellingsen Tore Morland Kristen Kvalheim Per Bjørkhaug Kirsten Skage Mellingen |
| 1.vara | Mona Steiner Brekkan |
| 2.vara | Martine Haugland |
| 3.vara | Roald Hvidsten |

| | |
|------------------------------------|---------------------------|
| 4.vara | Unni Hansen Marøy |
| 5.vara | Bjarnhild Nordanger Myhre |
| Representant for Radøy kommune | Else Marie Dale |
| Vararepresentant for Radøy kommune | Kirsti Gjetle Floen |

Administrasjonsutval & forhandlingsutval frå 1.desember 2015

| | |
|---------------------|---|
| Frå arbeidsgjevar | Gunnar Kartveit |
| | Grethe Lunde Kirsten Skage Mellingen |
| Frå arbeidstakarane | William Kay Hilde Marit Solend |

Administrasjonsutvalet har hatt 1 møte og handsama 1 sak i 2015.

Radøy sokneråd har vedtatt at soknerådet sine medlemmer i administrasjonsutvalet, også utgjør Radøy sokn sitt forhandlingsutval. Forhandlingsutvalet har hatt eitt møte og handsama 2 saker i 2015.

Årsmøte

Det vart halde årsmøte i Manger kyrkje søndag 26.april om kvelden. Årsmøtet vart innleia med konsert av William Kay. Tradisjonelt har årsmøta vore på søndag etter gudstenesta. Møtet var ei fin oppleving med konsert og kyrkjekaffi men endringa førte diverre ikkje til auka frammøte.

Tilsette

| | | |
|------------------|----------------------------|------|
| Audun Sylta | Dagleg leiar | 100% |
| Arne Palmesen | Arbeidsleiar kyrkjegardane | 100% |
| Anbjørn Vindenes | Kyrkjegardsarbeidar | 100% |
| Willem Vogelaar | Trusopplæringskoordinator | 100% |


| | | |
|-------------------------|------------------------|-----|
| John William Kay | Organist I | 80% |
| Hilde Marit Solend | Kontorfullmektig | 50% |
| Berit Karin Vogelaar | Kyrkjetenar | 55% |
| Marta Grønstad Hvidsten | Kyrkjetenar | 20% |
| John William Kay | Rådggjevar | 20% |
| Jūratė Norkuvienė | Dirigent Radøy damekor | 20% |
| Frode Skag Storheim | Organist II | 15% |



Statstilsette

| | |
|-------------------------|-------------|
| Kjell Johan Sekkingstad | sokneprest |
| Marianne Støylen Skauge | prostiprest |


Fordeling av stillingsressurs



- Drift av kyrkjegardane & kyrkjebygg
- Administrasjon, fellesrådsoppgåver m.m.
- Kyrkjemusikk
- Kyrkjetenar
- Trusopplæring

Kyrkjeleg årsstatistikk

| | 2014 | 2015 |
|---|-------|-------|
| Innmeldingar | 1 | 1 |
| Utmeldingar | 3 | 10 |
| Døypte/Døypte busett i soknet | 48/37 | 61/54 |
| Konfirmerte | 50 | 67 |
| Vigslar | 7 | 12 |
| Gravferder | 43 | 43 |
| Gudstenester på søn- og helgedagar | 65 | 66 |
| Tal deltakarar på desse | 5675 | 6762 |
| Gudstenester utanom søn- og helgedagar | 9 | 7 |
| Tal deltakarar på desse | 1046 | 833 |
| Gudstenester i kyrkjene i soknet | 74 | 69 |
| Andre stader enn i kyrkjene | 3 | 4 |
| Gudstenester med nattverd | 31 | 25 |
| Tal nattverdsgjestar | 969 | 892 |
| Familie og barnegudstenester | 10 | 4 |
| Tal deltakarar | 964 | 418 |
| Gudstenester for barnehage og skuleborn | 9 | 5 |
| Tal deltakarar | 1046 | 728 |
| Gudstenester på julaftan | 4 | 4 |
| Tal deltakarar | 820 | 808 |



Offer, innsamlingar og gåver

| | 2014 | 2015 |
|--|-------------|-------------|
| Offer/kollekt i kyrkjene | kr. 177 296 | kr. 206 000 |
| Til eiga verksemd | kr. 43 607 | kr. 58 539 |
| Gjevartenesta | kr. 0 | kr. 11 241 |
| Andre innsamlingar (t.d. basarar, fasteaksjon) | kr. 248 404 | kr. 257 370 |
| Til eiga verksemd | kr. 173 473 | kr. 174 963 |

Økonomi

Den lokale kyrkja er ei eiga juridisk driftseining. Kyrkjeøkonomien er likevel i hovudsak kanalisert gjennom kommunen, jf. Kyrkjelova §15. Prestetenesta er finansiert av staten via Bjørgvin bispedøme. Lønsutgifter til prestane er såleis ikkje med oppsettet.

Ser vi bort frå dei statslønna prestane, får den lokale kyrkja i hovudsak inntektene sine via kommunen. Vi får også overført kr. 550 830 frå Bjørgvin bispedøme for å dekkja utgifter til trusopplæring. Andre inntektskjelder er:

- Leigeinntekter
- Festeavgifter
- Gåver og kyrkjeoffer til eiga drift
- Godtgjersle for tenester

Samla inntekt for 2015 er på kr. 6 406 839. Av dette er kr. 4 133 000 driftstilskot frå Radøy kommune. Kommunen sin del av inntektene er 64,5 % av dei samla driftsinntektene.

Soknet har ein stabil, men ikkje romsleg økonomi. For 2015 syner rekneskapen underskot på kr. 19 613. Ut frå at soknet ikkje har som mål å bygga reservar er dette eit tilfredstillande resultat. Vi ynskjer derimot å nytta midlane for å få mest mogleg kyrkje og tenester ut frå tilgjengelege midlar.

Driftsrekneskap

| Inntekter | 2014 | 2015 |
|--|----------------------|----------------------|
| Brukarbetaling, salg, avgifter og leigeinntekter | kr. 795 324 | kr. 657 330 |
| Refusjonar og overføringar | kr. 452 115 | kr. 411 829 |
| Statlege tilskot | kr. 840 129 | kr. 817 222 |
| Rammeoverføring, tilskot frå eigen kommune | kr. 3 983 033 | kr. 4 133 000 |
| Andre tilskot, gåver, innsamla midlar | kr. 429 913 | kr. 387 459 |
| Sum inntekter | kr. 6 500 514 | kr. 6 406 839 |
| Utgifter | 2014 | 2015 |
| Løn og sosiale utgifter | kr. 3 922 822 | kr. 4 030 358 |
| Kjøp av varer og tenester | kr. 2 020 706 | kr. 1 869 454 |
| Refusjonar og overføringar, gåver, prosjekt | kr. 522 609 | kr. 505 573 |
| Sum driftsutgifter | kr. 6 466 137 | kr. 6 405 385 |
| Brutto driftsresultat | kr. 34 376 | kr. 1 454 |
| Finansinntekter og finansutgifter | | |
| Renteinntekter og utbytte | kr. 69 264 | kr. 56 113 |
| Renteutgifter og låneomkostningar | kr. -54 887 | kr. -43 532 |
| Avdrag på lån | kr. -198 134 | kr. -198 133 |
| Netto finansinntekter/-utgifter | kr. -183 757 | kr. -185 552 |
| Interne finansieringstransaksjonar | | |
| Bruk av bundne fond | kr. 69 182 | kr. 175 530 |
| Avsatt til bundne fond | kr. -173 590 | kr. -11 044 |
| Meirforbruk / Mindreforbruk | kr. -253 789 | kr. -19 613 |

Rekneskapen er ført av Real Økonomi. Nordhordland Revisjon IKS har utført revisjonen. Samarbeidet med rekneskapsfører og revisor har vore godt.

Gjevarteneste



Soknerådet oppnevnte i 2014 ei gruppe som skulle arbeide med soknet si gjevarteneste. Det er laga ei eiga brosjyre som har vorte delt ut og sendt ut som innstikk i Radar. Arbeidet har så langt ført til at vi har fått 24 gjevvarar som gjev ein sum kvar månad til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Ein kan velje mellom tre summar; 89, 150 eller 300 kroner i månaden. Midlane var først tenkt å finansiere ei deltidsstilling, men så langt vert pengane nytta til spesielle tiltak innanfor trusopplæringa. Vi hadde stand på torgdagen på Manger i juni for å gjera ordninga kjent, men det ser ut som at det må arbeidast med over tid for å gje resultat.

Kyrkjene



Hordabø kyrkje vart vigsla 5. august 1875 og hadde 140-årsjubileum i 2015. Dette vart markert med jubileumsgudsteneste søndag 9. august. Kyrkja har i jubileumsåret fått 40 nye stolar i byte mot benkar etter at biskopen har gjeve løyve til å ta dei bort. Kyrkjelydsutvalet har vore svært aktivt med konsertar, loddsal og basar for å sikre finansieringa. Elles har vi hatt problem med dreneringa med den følgje at det har kome vatn inn i kjellaren. Nye grøfter på vestsida av bygget ser ut til å ha løyst problemet. Elles har vi reidskapshus under oppføring på Hordabø. Prosjektet starta i 2014 og er venta ferdigstilt i løpet av 2016. Arbeidet vert utført med egne tilsette.

Manger kyrkje har vore i vinden også i 2015. Kyrkja vart vigsla hausten 1891. Dokument frå Manger sokneråd syner at det allereie under bygginga var mange diskusjonar rundt konstruksjonen. Kyrkjeskipet tok ganske snart til å til å gjeva etter og bygget har fleire gonger vore vurdert i forhold til stabilitet. Sist i 2014 men også i 2003 og 2006. Kyrkja skal stabiliserast med stålkonstruksjonar for å hindra at det vert skeivare. Den skal også forankrast med stålpelar til fjell. Manger kyrkje er listeført og Biskopen i Bjørgvin og Riksantikvaren må også rådspørjast før det vert gjort tiltak. Anbud er innhenta og Radøy kommune har løyvd pengar til utbetring. Eit skjær i sjøen er likevel at Riksantikvaren har varsla førebels granskingar. Vi

veit ikkje kva følger dette kan få, men vonleg vert det vert det gjeve løyve til å gå vidare med arbeidet.

Soknerådet gjorde i september vedtak om å stenge kyrkja med unntak for gravferder, planlagte gudstenester og konfirmantundervisning. Eit vilkår for bruk er at det ikkje er meldt vind over 15 m/s.

Frå kyrkja i Sæbø er det ikkje mykje å melda i 2015. Etter at det kom stolar har kyrkja vorte svært fleksibel og kan nyttast til fleire formål enn før. Varmepumper gjer og at den er rimeleg å varma opp. Ein liten lekkasje i taket på vestsida ser ut til å ha vorte utbetra på ein god måte.

Gravplassane

Soknet forvaltar seks gravplassar. Forvaltning av gravplassar krev svært langsiktig planlegging og på sikt er det er trong for å omregulere felt på dei fleste av plassane. Soknerådet har gjort vedtak om at det ikkje skal takast i bruk nye graver på enkelte felt på gravplassane. Dette reduserer trongen for å ta i bruk nye areal. På Hordabø starta vi bygging av reidskapshus hausten 2014. Huset er no tett og vi reknar med at det vert ferdigstilt i 2016.



Trusopplæring

I år har vi sendt trusopplæringsplanen til Biskopen for godkjenning. Vi har arbeidd med planen i over 2 år og er veldig glade for at planarbeidet snart er i mål.



Gudsrikeleiken er ein av de viktigaste komponentane i vårt fornya trusopplæringsarbeid. Gudsrikeleiken er ein metode som har sitt utspring i den katolske "Gode hyrde katekese" og Montessoripedagogikken. Norsk Lærerakademi har tilpassa metoden til norske (Lutherske) forhold.

Gudsrikeleiken hjelper born til å utforska trua si gjennom forteljing, undring og leik i sitt eige tempo. Dei røynslene som born gjer i møte med forteljingane førebur dei til deltaking i det liturgiske livet i kyrkja. Fram til no har vi utarbeidd nærmare 60 forteljingar. Det vakre med denne metoden er at born oppdagar samanhengane i den store forteljinga i Bibelen. Vi byrjar med skapinga, syndefallet og forteljinga om storflaumen og arka. Snart er vi i ørkenen og følgjer Abraham sin familie. For å fortelja desse ørkenhistoriane bruker vi ein sekk med sand som er litt av ørkenen. I ørkenen skjer det mykje viktig for Guds folk: vi følgjer Abraham til det nye landet, Guds folk til Egypt og vidare gjennom Sivsjøen då vandra i øydemarka tek til. Dei får dei ti bod (vi bruker ein stor stein som representerar Sinaifjellet) og dei vert lagde i ei lite kiste som er kalla for ark. Arka vert plassert i eit telt, og slik reiser Guds folk vidare. Vi har også

ei rekke forteljingar til fastetida (utdrag av Jesu liv som sluttar med påskeforteljinga) og påske (7 møte med den oppstandane Kristus som sluttar ved pinse).

Breiddetiltak

Nokre av tiltaka er store og skjer berre ein gong i året, t.d. Lys Vaken for 11-åringane. Lys Vaken vert arrangert fyrste helga i adventstida. I 2015 var 32 born (76%) med på Lys Vaken og overnatta i kyrkja frå laurdag til søndag. Vi hadde mange aktivitetar på laurdagen og var med på gudstenesta på søndag.

Eit liknande arrangement er Tårnagenthelga for 8-åringane som hadde 15 deltakarar (36%). Agentane får mange spanande oppdrag og mysteria som dei må løysa, mellom anna ved å utforska kyrkjetårnet og klokkene. På søndag tek dei aktivt del i gudsteneste.

Eit høgdepunkt i 2015 var pilegrimsvandring for born. 15 born med minst like mange vaksne var involvert i vandra, som var eit samarbeid mellom sogelaget, kystlaget og kyrkja. Vandringa gjekk til dels på land og til dels på hav med seglskuta "Sunniva". Vi overnatta i Skageneset der vi hadde bål, song, forteljing og leik. Dagen etterpå vandra vi til kyrkja og var med på gudstenesta der.



4-åringane får kvart år bok, noko som er blitt ein god tradisjon i Radøy. 29 born tok imot boka (81%). Vi byrja med ei samling på laurdag, der fireåringane fekk møte mannen i kjolen og sauen som gjekk seg bort. Vi sang songar og åt bollar. På søndag feira vi gudsteneste med forteljinga om den gode hyrde. Sauene og menneske frå

heile verda samla seg rundt nattverdbordet til den gode hyrde. Vi lærte meir om kalken med vin og disken med brød. Store og små vart med til nattverd, og barnekoret frå Sæbø og barnekantoret på Bø gjorde at det ble ei veldig festlig gudsteneste.

Andre tiltak hadde ikkje så stor oppslutning som vi gjerne hadde sett. 7 sjuåringar var med og feira hausttakkefest og fekk utdelt aktivitetsbok.

Andre tiltak hadde større oppslutning enn forventa. I 2015 var det 55 gutar og jenter som fekk utdelt nyttestamente (131%). Det vil seia at boka vart delt ut til fleire enn dei som er medlem i Den norske kyrkja.

Konfirmant-tida

Tradisjonen tru avslutta vi konfirmanttida på våren med leir til Sætervika, fasteaksjonen, konfirmantfest med konfirmantar og foreldre og festgudstenester. Tysdag før palmesøndag var konfirmantar, foreldre og andre frå kyrkjelyden saman om den årlege fasteaksjonen i samarbeid med Kirkens nødhjelp. På førehand hadde vi informasjons- og planleggingsmøte der både konfirmantar og foreldre var saman, og vi fekk lære meir om årets tema av Gunnar Kartveit frå Kirkens nødhjelp. Alle gjorde ein kjempejobb, og radværingane bladde opp, så det vart ny innsamlingsrekord med 82 407 kroner. Dette er fantastisk, og det lærer oss alle om diakoni - tru i praksis!

Med det nye kullet som starta om hausten har vi halde fram med opplegget som var nytt i 2014, der vi brukar Kristuskransen og Gudsrikeleiken. Konfirmantane har samlingar i kyrkjestova om onsdagane, der dei vert delt i to eller tre grupper og høyrer forteljingar frå Bibelen og lærer om sentrale delar av trua med utgangspunkt i perlene i Kristuskransen, slik som til dømes Gudsperla, eg-perla eller dåpsperla. Nytt i år er at fem av fjorårskonfirmantane har gått på MILK-kurs (leiarkurs for ungdom) og vore med som hjelpeleiarar på samlingane og på leiren. Kvar samling avsluttar vi rundt lysgloben i kyrkja, der vi tenner lys, bed og syng saman.

Diakoniarbeidet



Det forrige soknerådet drøfta temaet fleire gongar og gjorde vedtak om å opprette eit diakoniutval. Av ulike årsakar kom aldri utvalet skikkeleg i gong, men det skjer likevel diakonale tiltak i kyrkjelyden. Kyrkjelydsutvala gjev trufast ut juleblomst til dei eldre i kyrkjelyden, og damekoret arrangerar konsert for bebuarane på Velferdssenteret to gongar i året.

Informasjonsarbeid

Kyrkjebladet Radar



I 2015 kom Radar ut med 4 nummer. Bladet går ut til alle husstandar i kommunen. I tillegg vert bladet sendt til andre som ynskjer å få det tilsendt. Radar er finansiert med frivillege gaver (bladpengar) og annonseinntekter frå det lokale næringslivet.

Nettsider og sosiale media

Kyrkjelyden har ei aktiv Facebookside som vi bruker for å spreie informasjon om kva som skjer i soknet på ein rask og effektiv måte. Det er òg mogleg for dei 270 personane som "liker" oss på Facebook å kontakte oss på denne måten.

Internettsidene våre bruker fellesplattformen til Den norske kyrkja og vert oppdatert regelmessig. Sidene tilpassar seg automatisk mobil, nettbrett og PC og oppfyller krava til universell tilgjenge. Våren 2015 lanserte vi elektronisk tinging av dåp. I dag er nesten 80% av alle dåps-handlingane melde inn på denne måten.

Kyrkjemusikk

Konsertar

| | 2014 | 2015 |
|-------------------------------|------|------|
| Konsertar arrangert av soknet | 9 | 7 |
| Konsertar arrangert av andre | 12 | 8 |

Det har igjen vore fleire gode konsertopplevingar i kyrkjene i 2015. Diverre så har stenginga av Manger kyrkje ført til ein reduksjon i konsertaktiviteten. Vi gler oss til å kunne ta den i bruk att, slik at både orgelet og flygelet igjen kan verta brukt i konsertsamanheng!

Snittdeltakinga på konsertar arrangert av soknet var 116 personar. På konsertar arrangert av eksterne leigetakarar var snittet 127.

Radøy damekor

Alder: 18 år og oppover

| | |
|------------|--|
| Dirigent | Jūratė Norkuvienė |
| Pianist | J. William Kay |
| Leiar | Karen Magrete Lervik |
| Kasserar | J. William Kay |
| Styret | Gry Kjersti Birkeland, nestleiar Kristin Kleveland Berit Helen Kongestøl Geirunn Valdersnes |
| Medlemstal | 19 |

| | |
|----------------------------|---------------|
| Sum inntekter | kr 106 739,12 |
| Sum utgifter | kr 114 477,34 |
| Driftsunderskot | kr 7738,22 |
| Saldo i bank pr 31.12.2015 | kr 88 507,43 |



Forsongartenesta i kyrkja

Koret har stilt med forsongarar til 11 gudstenester i år. I tillegg er nokre medlemmar pluss Jurate med i den faste forsongartenesta i Manger kyrkje. Utover dette var heile koret med på minnegudstenesta i november.

Andre aktivitetar og arrangement

- Nyårskonsert i Knarvik kyrkje
- Samling for brurepar i mai (forsongarar)
- Sommarkonsertar i Åsane kyrkje og Manger kyrkje saman med Cantus Sorarum
- Sommarkonsert på Velferdssenteret
- Deltaking på Nordisk-Baltisk korfestival i Riga, Latvia i juni
- Song på Mental Helse sitt julebord
- Julekonsert på Velferdssenteret

I tillegg til å dirigere damekoret er Jurate også med som fast pianist når prestane held andakt på Velferdssenteret. Ho stiller også som organist når Frode og William ikkje kan.

Sæbø barnekor

Alder: 4 – 9 år



| | |
|----------------------------|-------------------------|
| Dirigent | Silje Kristin Ellingsen |
| Kasserar | Gunn Terese Haukeland |
| Medlemstal | 15 |
| Sum inntekter | kr 0 |
| Sum utgifter | kr 2270 |
| Driftsunderskot | kr 2270 |
| Saldo i bank pr 31.12.2015 | kr 6382 |

Koret øver annankvar onsdag i Sæbø kyrkje frå 18-19. Vi syng og har det kjekt ilag, med ein liten pause med noko å bita i som frukt, kjeks eller lappar. Vi er med på nokre gudstenester og evt basar og liknande.

Hordabø barne- og minikantori

Alder: 3 – 7 år

| | |
|------------|---------------------|
| Dirigent | Sølvi Helen K. Mjøs |
| Medlemstal | 25 |

Me samlast onsdagar i Hordabø kyrkje kl.17 for ein halvtime med song. Borna må ha fylje av ein vaksen, som ventar i benken. Sesong frå haust til påske.

Kyrkjelydsutvala

I kvar av dei tre kyrkjene er det eit kyrkjelydsutval som skal støtta opp om og ta initiativ til aktivitetar i kvar kyrkje. Ei viktig oppgåve er å vera til hjelp slik at folk skal kjenna seg heime og trivast i kyrkjene.

I kvart utval er det med ein prest, og ein frå soknerådet. I tillegg vel kyrkjelyden nokre medlemmer. Kyrkjelydsutvala er uformelle arbeidsgrupper. Dei fører ikkje eigne rekneskap, men får dekka utgiftene sine av soknerådet.

Sæbø kyrkjelydsutval

| | |
|----------|--|
| Medlemar | Britt Jorunn Tjore, Simon Walther Grandahl, Britt Sissel Kvamme, Silje Kristin Ellingsen, Marianne Støylen Skauge. |
| Tal møte | 5 |

Vi har også dette året arrangert jamnlege tysdagstreff i Sæbø kyrkje, der me fyrst samlast om eit tema og etterpå har kveldsmat ilag. Kyrkjelydsutvalet planlegg og gjennomfører desse kveldane, og me har hatt tapaskveld med salmesang, tankar i fastetid, tema om tilgjeving og ”Ti på topp for eit godt samliv”. Marianne prest og vikarprest Helge har vore med oss på desse samlingane.

Me finn også kyrkjevertar og ansvarlege for kyrkjekaffi til dei ulike gudstjenestene i Sæbø. Utkøyring av blomehelsing til jul har me også hatt ansvar for i gruppa vår.

Hordabø kyrkjelydsutval

| | |
|-----------|--|
| Leiar | Ludvig Grindheim |
| Medlemar | Irene Soltveit, Arve Haugland, Per Bjørkhaug, Ludvig Grindheim, Søvi Helen Kvalheim Mjøs, Kjell Sekkingstad. |
| Tal møte | 4, har handsama 19 saker |
| Inntekter | kr 65 888 er samla inn i 2015. |

Sakene gjennom året har vore innkjøp av stolar, fasteaksjonen, gudstenestene i påkehøgtida og den årlege vårkonserten med Manger Old Star Brass. I tillegg har vi arrangert basar og feiring av kyrkja sitt 140-årsjubileum.

Manger kyrkjelydsutval

| | |
|----------|--|
| Leiar | Elin Irene Klausen |
| Medlemar | Gudrun Rikstad, Margun Stordal, Kristoffer Toska, Kjell Sekkingstad. |
| Tal møte | 4 |

Kyrkjelydsutvalet har ikkje vore så aktiv det siste året, spesielt etter at kyrkja på Manger vart stengd. Vi har vore med og levert ut blomst til dei eldre i kyrkjelyden. Vi hjelper også til som kyrkjevertar og forsongarar når det er gudstjeneste i Manger.

Kyrkjeforeningane

I tilknytning til kvar kyrkje er det ei kyrkjeforening. Dette er grupper som har som mål å samla inn pengar til opprustning av kyrkjene og i enkelte høve til spesielle tiltak i kyrkjelyden. Kyrkjeforeningane har gjennom ei årrekkje gjort ein flott innsats. Foreininga på Hordabø er for tida ikkje aktiv.

Sæbø kyrkjeforeining



| | |
|-----------|-------------------|
| Leiar | Maria Fjellsende |
| Nestleiar | Magnhild Askeland |

| | |
|----------------------------|-----------------|
| Kasserar | Åshild Storheim |
| Styre | Gudrun Storheim |
| Medlemstal | 4 |
| Sum inntekter | kr 62 500,00 |
| Sum utgifter | kr 62 000,00 |
| Saldo i bank pr 31.12.2015 | kr 400 000 |

Manger kyrkjeforeining

| | |
|----------------------------|-----------------|
| Leiar | Astrid Hagen |
| Kasserar | Berit Grindheim |
| Medlemstal | 6-8 |
| Sum inntekter | kr 46 575,00 |
| Sum utgifter | kr 12 808,00 |
| Saldo i bank pr 31.12.2015 | kr 89 099,11 |

Vi er 6 til 8 stykker som møter på foreingsmøte ein gong i månaden, no på kyrkjekontoret då kyrkja er stengd. Føremålet med kyrkjeforeinga er å skaffe pengar til ymse ting i kyrkja, og vi har basar ein gong i året. No held vi på med å førebu basaren til hausten. Den vert i månadskifte august/september. Vi kunne gjerne tenkt oss fleire medlemmar, og tek gjerne imot gevinstar til basaren!



Fylg med på det som skjer i kyrkjelyden!

Internett: www.kyrkja.no/radoy
Twitter: @radoysokn
Facebook: facebook.com/radoysokn



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Utgjeve av Radøy sokn • Grafisk utforming: J.William Kay

gjennom livet

